



Tore Andre Sivertsen
Høgdene 4
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3057 - 14/15659

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
16.10.2014

Avvising og retur av ikkje godtatt søknad om delvis riving og gjenoppføring/rehabilitering av fritidsbustad på gbnr. 1/179 i Meland kommune

Bakgrunn

Det vert vist til e-post motteke 25.6.2014 med vedlagte søknadar om løyve til byggjetiltak på gbnr. 1/179 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 20-1.

I nemnde e-post er det opplyst at det vert søkt om riving og gjenoppføring/rehabilitering av ein eksisterande fritidsbustad på Flatøy, medan vedlegga til eposten inneheld nærmare opplysningar om korleis tiltakshavar har tenkt å gjennomføre desse arbeida.

Kommuneadministrasjonen seier seg lei for sein tilbakemelding grunna stor saksmengde.

Vurdering

Før kommuneadministrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde alle dei opplysningar og all dokumentasjonen som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK10) § 5-4 («fullstendig søknad»).

Føreliggjande søknad inneheld så mange og vesentlege manglar at administrasjonen finn grunn til å avvise Søknaden utan nærmare behandling. Av vesentlege manglar kan nemnast (ikkje uttømmende):

- Det ligg ikkje føre tilstrekkeleg informasjon om eksisterande bygning og eigedomen elles.
- Søknaden inneheld ikkje opplysningar om tiltaket si plassering, storleik og grad av utnytting.
- Søknaden inneheld ikkje tilstrekkelege opplysningar til at kommunen kan vurdere tiltaket i forhold til aktuelle krav og vilkår i Plan- og bygningsloven og gjeldande kommune- og reguleringsplanar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Søknaden inneheld ikkje opplysningar om ivaretaking av krav til m.a. funksjon, arkitektonisk utforming og visuelle kvalitetar
- Det er ikkje opplyst om minsteavstand til andre bygningar, eigedomsgrensar, vegmidte og vass- og avlaupsleidningar
- Søknaden inneheld ikkje opplysningar om tilhøva til vassforsyning, avløp og tilkomst
- Det er ikkje opplyst om eventuelt behov og grunnlag for dispensasjon
- Søknaden inneheld ikkje målsette og målestokkhaldige kart og teikningar
- Tilhøve til andre myndigheiter enn byggjesaksmyndigheitene er ikkje avklart
- Tiltaket er ikkje nabovarsla
- Det er ikkje søkt om naudsynte ansvarsrettar eller lagt ved gjennomføringsplan.

Konklusjon

Føreliggjande søknad vert på denne bakgrunn returnert.

Før tiltaket eventuelt kan godkjennast må det først sendast inn en ny søknad i samsvar med krava til innhald i pbl. § 21-2 og SAK10 § 5-4.

På bakgrunn av opplysningane i føreliggjande søknad legg administrasjonen til grunn at både prosjektering av tiltaket, innsending av søknad og utføring av byggjearbeida må gjerast av føretak med godkjente ansvarsrettar, jf. pbl. § 20-1 siste ledd.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål eller merknadar til gjennomgangen over.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.